



**Den tradisjonelle skulejoggen i Uskedalen vert avvikla torsdag og løypene er også dei same som før: Dei tre lågaste klassene går over Dønhaug og dei fire øverste over Ådnaklett. Elevane vert oppmoda om å gå eller jogga fleire runder.**

**Joggen startar etter midttimen og foreldre og andre er også hjarteleg velkomne til å delta, melder rektor Marie Elisabeth Kaldestad.**

I målområdet vert det høve for elevar og lærarar til å gje ei pengegåve, men kor mykje ein vil gje er opp til kvar enkelt. Dette er FN-dagen og derfor er det naturleg at pengane går uavkorta til FN sin organisasjon for barn og barnerettar - UNICEF.

Rektor fortel også at alle elevane vil få lunsj med brødmatt og frukt denne dagen og difor treng dei ikkje å ta med niste. Elevane startar med å laga si eiga matpakke og skulen får både mat og drikke hjå SPAR. Det er skuleleiinga svært takksame for.

Bileta over og under er frå joggen i fjor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

